

+ KYRKJEHELSING

KYRKJELYDSBLÅD FOR ØSTERØY



NR. 3 SOMMAR 2011
36. ÅRGANG

BRING DA GLAD TIL FONTEN FREM NYFØDT GUTT OG PIKE.
JESUS SKAL VELSIGNE DEM, OG SOM SMYKKER RIKE
TIL SIN HÅND DEM FESTE OG TIL DERES BESTE
GI DEM ARV I HIMMELEN, SÅ DE GUDS HUS KAN GJESTE.

- PETTER DASS

**OSTERØY
PRESTEGJELD
TILSETTE/RÅD
OG UTVAL**

Kyrkjekontoret ved Rådhuset
Opningstider: Mån - fre: 08.00 - 15.00
(Måndag er fridag for prestar og organistar)

TLF: 56 19 22 80 FAX: 56 19 22 81
E-MAIL: kyrkje@osteroy.kommune.no
HEIMESIDE: www.osteroy.kyrkja.no

Direkte innval:

Helge Kolstad	56 19 22 80
Tom Sverre Tomren	56 19 22 82
Inge Sørheim	56 19 22 83
Liv Skoglund	56 19 22 84
Kåre Rivenes	56 19 22 85
Ruth Hauge	56 19 22 86

Prestane:

Sokneprest Tom Sverre Tomren
Tlf: 56 19 22 82

Sokneprest Inge Sørheim, Hosanger
Tlf: 56 39 26 66 - 90 62 00 46

Kyrkjemusikk:

Kantor Kåre Rivenes - tlf: 56 39 06 26
Organist Liv Skoglund - tlf: 56 39 26 64

Kyrklegr fellesråd:

Leiar: Roger Breivik - 913 82 424
Nestleiar: Jenny Eikeland
John Hundhammer, Otto Mo, Jan Roald Myking,
Wenche Fiskeseth, Inge Sørheim.

Soknerådsleiarar:

Gjerstad: Kari Hauge
Hosanger: Lillian M. Kleppe
Hamre: Olaug Hartveit
Haus: Madli Hannisdal
Bruvik: Wenche Fiskeseth

Kyrkjehelsing redaksjonsnemd:


Redaktør: Kristoffer Foldøy
Tlf: 56 39 45 42 - 476 18 124
E-mail: kristofferfo@gmail.com

Hild Breivik
Anne-Mari Hannisdal Haga

Layout: Oda Karoline Foldøy

Trykk:BODONI

Sommar!



På framsida ser vi sollyset slå inn gjennom den opne kyrkjedøra, der eit lite dåpsfølgje er i farten. Biletet er frå 1892, og då hadde ein framleis den gamle skikken ved mange kyrkjer at døypefonten stod like innafor inngangen til kyrkja. Logikken i denne plasseringa var at kyrkjerommet var for kristenfolket, og kristen blei du gjennom dåpen. Det udøypte barnet var enno ikkje eit kristent menneske, og kunne derfor ikkje takast inn i sjølve kyrkja før dåpen var utført.

Målarstykket er av Harriet Backer (1845 – 1932), og heng på Nasjonalgalleriet i Oslo. Tittelen er ”Barnedåp i Tanum kyrkje”. Kyrkja som er nyttta i motivet er frå 1100-talet, ombygd like etter år 1700, og ligg i Bærum utanfor Oslo. I dette vakre gamle bygget har Harriet fanga augneblinken nett som ein pressefotograf: Det er litt uro utom døra, og ein person i bakerste benkerad snur seg for å sjå kva dette er. Eller kanskje har denne personen venta spent på om dåpsfølget skal dukka opp i tide. Dette veit vi ikkje, men dama som snur seg i benken der lagar liv og retning i eit bilet som elles viser mykje interiør. Sollyset som vert reflektert på dei innvendige kyrkjeveggene legg ein varm glød over motivet. Ein mann som står ute ved døra for å ta i mot, forsvinn mest i motlyset.

Harriet Backer var søster til komponist og pianist Agathe Backer Grøndahl. Store delar av livet sitt budde ho utanlands, ho studerte i Tyskland og Italia og budde mange år i Paris. I den perioden ho måla dette dåpsbiletet, hadde ho nær kontakt med Arne Garborg. Dei religiøse motiva ho har framstilt på denne tid, skal vera eit resultat av venskapen med diktaren. Seinare måla ho også eit dobbelportrett av Hulda og Arne Garborg.

Somrane frå 1910 til 1914 var ho i Bergen, og Rasmus Meyer kjøpte 11 bilet av henne til samlinga si. Ho vart etter kvart ei gammal dame og som kunstnar heile tida høgt respektert. Til saman måla ho om lag 180 bilet.

-Kristoffer Foldøy

Etter pinse, hva så?

Andakt ved Ragnar Waagbø

Pinsedagen er passert. En gang for lenge siden ble den dagen et tidsskille. Et før og et etter. Noe var blitt annerledes for folk som ble omtalt som ”de som var på veien”. Fra å være redde og engstelige, står de nå frem og forteller om det de hadde sett og hørt.

Noe var endret. Stikkordet kan ha vært: de var utstyrt med kraft fra det høye. Et spennende utsagn, selv i disse monsternerster-tid. Kraft fra det høye, den som var lovet. Kristusetterfølgerne skulle bare bli i ro til Guds time var inne.

Å spørre om hva denne kraften er, er galt, vi må spørre: hvem!

Sannhetens ånd, Talsmannen, personen som skulle lede de troende videre på veien. Vi kan ikke forklare hva, men vi ser at virkningene var formidable. Mismot ble erstattet med pågangsmot. Frykt ble avløst med ureddhet. Et nærmest uoverkommelig oppdrag ble tydelig, - slik at ordet om Kristus ble formidlet så alle kunne forstå. Et overordnet mål var å etterleve Kristi ord: Alle skulle være ett i Kristus.

Den babelske forvirring hadde reversert, fra virvar og språklig kaos, til en felles forståelse om hvem Kristus var.

Slik blir pinsedagen en ny start. Kraften fra det høye gav inspirasjon og klarhet til å formidle og forstå det nye som hadde hendt.

Og Ordet bar frukt. Pinsedagens tilhørere lot ordene treffe seg, og spørsmålet ble: Hva skal vi gjøre? Svaret ble dramatisk og uventet klart: Vend om, lad dere døpe, - så dere kan få Åndens gave. Tilsvarende en tredel av Osterøys befolkning, svarte ja, og ble med på ”veien”.


Kraft fra det høye, Åndens gave, hva har det med oss å gjøre?

Noen stikkord til svar:

1. Kristustroen/gudstjenesten ble det viktigste i fellesskapet.
2. Egeninteressen vek for fellesskapets beste.
3. De troendes liv ble et vitnesbyrd for andre, så flere ble med på veien.

Gjelder disse tre stikkordene for menighetene på Osterøy?

La oss be om en NY PINSEDAY for oss alle.



Babelsk forvirring: ”Babels tårn” av Pieter Brugel den eldre, ca. 1550.

DUGNAD PÅ GJERSTAD KYRKJEGARD



Kvart år arrangerer soknerådet i Gjerstad dugnad på kyrkjegarden. Det blir ofte både ein vår- og seinsom-mardugnad. I år var me heldige med veret, det er ikkje så sjølvsagt på desse kantar.

Tekst & foto: Hild Breivik

Tysdag 26. april samlast over tjue personar seg med river og trillebårer, motorsag og malarspann. Her skulle det ryddast etter vinteren, og mosekransar vart ubarmhjertig putta i sekker. Mykje lauv og kvist låg strødd utover så trillebårene vart fort fulle. Til og med nokre tre måtte gje tapt for motorsaga. Ei stor bjørk og eit par eiker vart ofra denne gongen. Smijernsporten ved inngangspartiet fekk seg eit nytt malingsstrok.

Oppmøtet var som nemnt bra, sjølv om det alltid er plass til fleire hender.

Dei som stiller på slike dugnader er som oftast same gjengen, og alderen er 60+ og vel så det.

Kanskje har denne generasjonen eit nærmare forhold til kyrkja, og mange har foreldre og anna nær slekt som ligg begravne her.

Midt i arbeidsøkta sytte soknerådsmedlemmene for god servering i kroken ved inngangsdøra. Sola måtte nyttast så me bar ut benker og bord til matøkta.

Det er positivt med dugnadsarbeid, me vert betre kjende med bygdafolket og alle er vel interesserte i at det ser fint ut på ein gravplass.

Soknerådsleiaren ba meg takka for innsatsen. Og så er de velkomne att neste gong det er dugnad enten det er på Gjerstad eller på ein av dei fire andre stadene.



Om musikkval i gravferd – tankar frå ein kyrkjemusikar

Midt oppe i sorga og eventuelt også sjokket etter at nokon har døydd, skal det ordnast gravferd. Og det er viktig at musikken i gravferda er god! Den skal vera til å kvila i, den skal hjelpe folk til å kjenna på sorga, og den skal visa til ei trøyst som er større enn den menneske kan gje.

Tekst: Liv Skoglund

Når ein har valt gravferd etter ordninga i Den norske kyrkja, har ein med det fått ei ramme for seremonien. I stikkordsform:

I kyrkja:

Preludium

Salme (1)

Minneord

Evt. musikkinnslag (1)

Skriftlesing

Salme (2)

Tale

Bøn

Fader vår

Salme (3)

Evt. musikkinnslag (2)

Postludium

Ved grava:

Salme

Skriftlesing

Bøn

Senking

Jordpåkasting

Skriftord og velsigning

Salme

Les gjerne på nettsida til Den norske kyrkja, her står gode praktiske opplysingar om gravferd:
<http://www.kyrkja.no/?event=showArticle&FamID=208>
Her kan ein også lasta ned fullstendig ordning for seremonien.

Ein del spørsmål dukkar opp ganske ofte, og vert drøfta av prestar og kyrkjemusikarar på Osterøy med jamne mellomrom. Dette har vi landa på som lokale retningslinjer:

Levande musikk er best eigna.

Vi har, unntakvis, gjeve løyve til avspeling av ferdig innspelt musikk som ein del av minnedelen. Men det vil vi helst unngå, ut frå tanken om at musikk framført der og då er tilstades på ein heilt annan måte. Ta kontakt med kyrkjemusikaren tidlegast mogeleg. Dersom poenget er t.d. å få sunge ein spesiell song, kan vi kanskje hjelpe til med tips om solistar som kan gjera dette på ein fin måte.

Salmar skal vere salmar.

Av og til kjem det opp ynskje om songar som ikkje står i salmeboka ("skulesongar"), t.d. Den første song, Gje meg handa di. Det er jo fine songar, sjølv om dei ikkje har noko direkte kristent bodskap. Slike songar kan vera med i minnedelen av gravferda og kan syngjast av solist eller som fellessong. Det som eventuelt blir brukt av slike songar i minnedelen, skal ikkje erstatta salmane i resten av seremonien.

Og så vil eg nemne eit par meir musikkfaglege hensyn:

Nokre songar er vanskelege å få til som fellessong.

Eit eksempel er Bjørn Eidsvåg sin "Eg ser" – rytmien er ulik frå vers til vers, og slett ikkje lett for ei forsamling å få til. Vi rår til at ein finn ein solist dersom ein ynskjer slike songar. Om nokon er i tvil om ein song høver som fellessong, spør kyrkjemusikaren!

Musikkarar treng tid til å øve, dersom resultatet skal bli bra!

Av og til har folk ynskje om konkrete titlar som preludium og postludium. Men ingen kyrkjemusikarar har alt på repertoaret, og det er ofte kort tid å gjera på. Kanskje vi ikkje eingong har noter eller veit om dei kan skaffast i tide. Vi gjer så godt vi kan for å imøtekommе ynskjer, men av og til blir det kanskje vakrare musikk dersom vi kan spele noko vi kan frå før.



KONFIRMANTAR I GJERSTAD



1. rad frå v: Maria Teigland, Anna Grytaas, Noomi Hagebø, Rolf Eivind Monsen, Kristin Presttun, Veronica Vedå, Sandra Rød.

2. rad frå v: Ida Marie Tysse, Ingeborg Vårdal, Hanna-Marie G. Mjelstad, Ådne Mjøs, Halvard Seilen, Ørjan Bakken Borge, Ingeborg Flesland, Evelynn Vevle Lone, Emma Milde.

3. rad frå v: Odd-Trygve Mobakken, Erlend Vevle Lone, Daniel Hansen Bruvik, Martin Reigstad, Bjørn Rongved, Sander Midttun Solberg, Martin Sævre Svenheim, Tobias Kleiveland.

Fotograf: Storebø

KONFIRMANTAR I HAUS



1. rad frå v: Sofie Mjelde Litland, Anette Stokke, Karoline G. Børveit, Solveig Rivenes Lone, Ida Helen Feidje Mjelde, Cecilie Bruvik Steinsland.

2. rad frå v: Benedicte Skahjem Tokvam, Cathrine Tømt Reigstad, Helle Christina Bortne Pettersen, Malin Vatle, Hanna Mjelde, Kristin Stokke, Charlotte Rolland, Anna Bøe Myking, Emilie Hauge Bøe, Maren Bernes, Annelen Steinsland.

3. rad frå v: Simon Rolland, Jonathan Hetlevik Bøe, Nils Martin Askeland, Thomas Skjerping, Tomas Rolland, Marcus Røskeland Vatle, Johannes Nonås Langhelle, Eirik Fjellstad, Andreas Thunestvedt, Sondre Vevle.

Fotograf: Storebø

KONFIRMANTAR I HOSANGER



1. rad frå v: Randi Thomassen, sokneprest Inge Sørheim, Elisabeth Rongved Hansvedt.

2. rad frå v: Anna Helle, Nathalie Pedersen Hartveit, Josefine Andersdotter Vevle, Susanne Bernes, Amalie Nielsen, Martine Bjørkheim Kleppe.

3. rad frå v: Tormod Lavik, Christian Siglevik Stigen, Bianca Rognsøy Armijo, Nicolai Fjærstad, Marius Aleksander Birkeland

4. rad frå v: Kristian Tysse, Markus Vaarvik Markussen, Håvard Forhun, Aleksander Bratli

Fotograf: Rune Solberg

KONFIRMANTAR I BRUVIK



1. rad frå v: Marie Katrin Vikne, prostiprest Rolf Eivind Monsen, Tonje Borge.

2. rad frå v: Veronica Olsnes, Geir André Hansen Svåsand, Emil-André Hauge Lone, Amalie Kårvatn Mork

Fotograf: Rune Solberg

KONFIRMANTAR I HAMRE



1. rad frå v: Frida Eggen, Emilie Losnegård Worren, Linn Therese Holand Bøgevåg, Frida Vevle, Mari Mostrøm Nilssen, Tonje Kalland, Hanne Riple Heradstveit, Natalie Tvedt.

2. rad frå v: Inger-Helen Børtevit Hagenes, Camilla Tvedt Sæbø, Rebekka Hansen Øksnes, Marit Svane, Silje Ravnøy.
Kine Aasheim, Anne-Marte Bleikli, Linn-Christine Askildsen Berentsen, Margrete Svane, Thelma Marie Wiik, Hanne Mostrøm.

3. rad frå v: Marius Flatas Larsen, Jonas Ruud Raknes, Simen Sellevold, Sigurd Braathen Reigstad, Sondre Loftås Kåstad, Fredrik Øksnes, Aleksander Bram Skjelfjord Jørgensen.

Fotograf Storebø

SENIORSAMLING PÅ HELGATUN FJELLPENSJONAT

NMS med Jan og Randi Ulveseth, Øyvind og Gerd Øy, Aud og Knut Risnes
som vertskap ønsker velkommen til seniorsamling på

Helgatun Fjellpensjonat i Myrkdalen på Voss
frå torsdag ettermiddag 15.09 og til søndag ettermiddag 18.09.

“Gamlebispen” Ole D. Hagesæther vert med og skal m.a. gi oss “bibelsk niste” med på vegan.
Elles skal han og Else Liv gi oss eit ferskt og sjølvopplevd møte med Madagaskar.
Det vert satsa på eit triveleg fellesskap ute og inne, turgåing, oppbygging og inspirasjon.
Samlinga er open for alle! Plass i påmeld rekkefølge.

Nærare orientering om opplegg, reisemåtar og prisar kan ein få ved å kontakta
tlf. 40406044
(Alvhild Vassel Eide)

Påmelding kan ringast 40406044 eller sendast til ave@nms.no

SOKNERÅDSVAL HAUSTEN 2011

Her er kandidatane som sokneråda har sett opp til valet 12. september.

Hosanger:

Signe Røsland
Jan Roald Myking
Sigrun Karlsen
Ingrid Jørgensen
Janniken Røskeland Mjøs
Solveig Tepstad
Torhild Bysheim
Marit Gravråk Tveiten
Jan Roald Hanstveit
Betty Birkeland
Eli Anne Forthun
Dagrun Vevle
Sissel Bjørkheim

Hamre:

Marit Angelskår
Amund Bleikli
May-Lis Daltveit
Jenny Margrete Eikeland
Steinar Fitjar
Ivar Ole Hjellvik
Bjørg Lutnæs
Merethe Mjelstad
Yngve Reigstad
Mona Skrolsvik
John-Arne Storebø
Åshild Tepstad
Ingemar Valestrand
Torbjørn Vedå

Haus:

Madli Kvamme Hannisdal
Audhild Pernille Myklebust Torp
Signe Hannisdal
Hilda Kristine Aasheim
Sissel Fossheim Galaz
Magne Øyvind Antun
John Hundhammer
Astri Margrethe Marta Riple Ådland
Anette Kårvatn
Sissel Karin Veseth
Torill Meta Kjellaug Rogde Mjånes
Elin Åsheim Løtveit
Anja Beate Røskeland Vatle
Asbjørn Olav Skjeldal

Bruvik:

Wenche Fiskeseth
Otto Mo
Aina Solberg
Erling Bruvik
Eliane Mo
Magne Vikne
Jon Sølve Løtveit
Ole-Johan Steiner
Anne Vikne
Tove Fjeldstad
Grethe Lilleheil Ommedal

Gjerstad:


Lillian Bjørnseth
Solveig Bruvik
Sveinung Hartveit
Eli Kvåle Hovden
Rita Merete Kalland
Anne Karin Mortensen
Marion Solberg Vevle
Steinar Reigstad


(Gjerstad byter berre ut halve soknerådet ved kvart val)



2. PINSEDAG PÅ HAMRE

Nokre stemningsbilete frå prestehuskjellaren og kyrkjeparken







DEN NORSKE KYRKJA

Osterøy

JULI

03. juli 2011 3. sundag etter pinse Luk 14,16-24
Jes 25,6-7 Åp 19,5-9

Bruvik kl 11: Høgmesse. Nattverd. Waagbø.
Takkoffer til Kirkens SOS.

10. juli 2011 4.sundag etter pinse Luk 15,1-10 Mi
7,18-19 Ef 2,1-10

Gjerstad kl 11: Høgmesse. Dåp. Nattverd. Waagbø.
Takkoffer til Fjon Fjellkyrkje.

Hamre kl 19: Gudsteneste. Waagbø.
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

17. juli 2011 5. sundag etter pinse Matt 7,1-5 1. Mos
4,8-15 Rom 14,7-13

Hosanger kl 11: Høgmesse. Dåp. Nattverd. Waagbø.
Takkoffer til Nordhordland Indremisjon.

24. juli 2011 6. sundag etter pinse (Aposteldagen)
Luk 5,1-11 1. Mos 12,1-4a 1. Tim 1,12-17

Haus kl 11: Høgmesse. Nattverd. Fykse.
Takkoffer til KRIK.

29. juli 2011 Olavsdagen (Olsok) Luk 22,24-27
Sal 33,12-22 Ef 2,11-14

Gjerstad kl 19: Olsokgudsteneste. Fykse. Tradisjonen tru
vert det kyrkjekaffi på Osterøy museum
etter gudstenesta.

31. juli 2011 7. sundag etter pinse * 5. Mos 30,11-16
Fil 3,3b-11 Matt 5,20-24[25-26]

Bruvik kl 11: Høgmesse. Dåp. Nattverd. Kåre Mestad.
Takkoffer til Fjon Fjellkyrkje.

AUGUST

07. august 2011 8. sundag etter pinse Mark 8,1-9
Sal 147,1-11 2. Kor 9,8-12

Gjerstad kl 11 Høgmesse. Nattverd. Sørheim.
Takkoffer til IKO-Forlaget.

14. august 2011 9. sundag etter pinse Matt 7,15-20
Mi 3,5-7 Gal 1,6-9

Hamre kl 11: Høgmesse. Nattverd. Sørheim.Takkoffer
til Misjonsalliansen.

21. august 2011 10. sundag etter pinse * 1 Kor 3,10-17
Ordsp 2,1-6 Matt 25,14-30

Haus kl 11: Høgmesse. Nattverd. Innsetjingsgudsteneste
for Tom Sverre Tomren. Osterøy kyrkjekor.
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

28. august 2011 11. sundag etter pinse Luk 19,41-48
Jer 18,1-10 Rom 9,1-5 og 10,1-4

Gjerstad kl 11: Høgmesse. Nattverd. Tomren.
Takkoffer til Kristent arbeid blant blinde.

SEPTEMBER

12. s. e. pinse, 4. september 2011: Jes 2,12-17,1-6; Rom
3,21-26; Luk 18,9-14

Osterøyhallen kl. 11: Jesusfestival.

Haus kl. 19: Presentasjon av konfirmantane. Tomren.
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

13. s. e. pinse, 11. september 2011: 1 Sam 3,1-10 2 Kor
3,4-6; Mark 7,31-37

Bruvik kl. 16: Presentasjon av konfirmantane.Tomren.
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

Gjerstad kl. 11: Presentasjon av konfirmantane.Tomren.
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

Hamre kl 11: Presentasjon av konfirmantane. Sørheim.

Hosanger kl 16: Presentasjon av konfirmantane.
Sørheim.

14. s. e. pinse, 18. september 2011: 3 Mos 19,16-18 1
Joh 4,7-10; Luk 10,25-37

Hosanger kl. 11: Høgmesse. Nattverd.
50-årskonfirmantar. Sørheim.

15. s. e. pinse, 25. september 2011: Sal 146 1 Tess 5,15-
24; Luk 17,11-19

Haus kl 11: Høgmesse. Nattverd. Tomren.
Takkoffer til IKO.

Hamre kl 16: Familiegudsteneste. Sørheim.
Osterøy kyrkjekor.

Livsmeistringskurs i Haus kyrkjelydshus torsdag 1.sept. kl 18.30 til 21.30

med tema: "Nøklar til livsmeistring".

Temaet er delt på 3 økter med eigne overskrifter: 1. Grenser i ulike relasjoner og fellesskap
2. Grenser og skam 3. Livsmeistring gjennom sunne grenser og eit løfta blikk.

Det handlar om å setja grenser i eige liv å finna nokre hovudnøklar eller universalnøklar som kan opna for livsmeistring i møte med livets mange utfordringar. Felles undervisning med innlagte summeøkter eller gruppesamtale. Den gode kaffepausen med litt attåt kjem etter 2.økt og samlinga blir avslutta med eit ord for kvelden.

Målgruppe:

Open for alle som er interesserte og som treng ei hjelpe på vegen til eiga livsmeistring.


Kurshaldarar: Psykolog Unndis Bergås og fagleg leiar ved Sjelesorgsenteret Haraldsplass Øystein Rønhovde

Pris: 200.- Ektepar: 300.-

Påmelding: innan 15. august til Madli K Hannisdal **913 30 928** (SMS) eller madlhann@online.no
eller kyrkjekontoret: **56192280**.

Arrangør: Haus og Gjerstad sokneråd i samarbeid med Sjelesorgsenteret på Haraldsplass.

NYOPPUSSA SAKRISTI I HOSANGER KYRKJE



Slekters gang

Døypte:

Haus

08.05.11 Marcus Røskeland Vatle

12.06.11 Joanna Cecile Fleming

12.06.11 Cameron Alexander Thomas Fleming

12.06.11 Thomas Martin Fleming

Gjerstad

20.03.11 Martine Nymark Holsen

(Stod dessverre med feil etternamn i forrige blad)

01.05.11 Eirik Kleiveland

01.05.11 Tobias Kleiveland

01.05.11 Ingeborg Flesland

19.06.11 Embla Olea Mjelstad Svardal

19.06.11 Emma Wågsberg Olsen

19.06.11 Charles Emiel Hartveit

Hamre

02.05.11 Matteus Simoes Aasheim

08.05.11 Lasse Glesnes

17.05.11 Oda Bernes Vedå

13.06.11 Sebastian Helvig Johansen

13.06.11 Sofie Rundhovde

13.06.11 Christoffer Hannisdal

13.06.11 Maja Mjelstad

Hosanger

21.04.11 Nicolai Fjærrestad

21.04.11 Jakob Eikefet-Eide

22.05.11 Håvard Tveit Fossdal

12.06. Lena Louisa Øye (Sverige)

12.06. Emil Jonathan Øye (Sverige)

Vigde:

Hamre

04.06.11 Silje Vatle Mjelde og Yngve Reigstad

Gjerstad

18.06.11 Siri Beate Nordpoll og Eirik Hagen Hella

Gravlagde:

Gjerstad

29.04.11 Klara Løtveit (f.1916)

06.05.11 Solveig Prestun (f.1924)

13.05.11 Målfrid Solberg (f.1917)

Hamre

28.04.11 Laila Hestrulid (f.1954)

05.05.11 Bjørg Tøsse (f.1933)

27.05.11 Eirik Reigstad Aasheim (f.1075)

03.06.11 Odd Mjelstad (f.1920)

Hosanger

07.06.11 Gunhild Pauline Mjøs (f.1922)

14.06.11 Gullborg Geitrheim (f.1925)

Hosanger Kyrkjeforeining

Hosanger Kyrkjeforeining arbeider for at kyrkja skal stå fram som ein triveleg og funksjonell stad å koma til.

Me har møta våre i peisestova på Hosangerheimen ein onsdag i månaden. Der driv me med ulike handarbeidsaktivitetar. Det er trivelege møte og me legg vinn på det sosiale. Me har fleire fellesprosjekt som alle kan ta del i. Produkta loddar me så ut på basar.

Sidan foreininga vart starta, har me mellom anna samla inn pengar til løpar i midtgongen i kyrkja, ulike kyrkjetekestilar, salmebøker, oppbevaringsskåp for altardukar m.m., beplantning på kyrkjegården, grusing av gangvegar og ny vasspost. Siste året har me gitt pengar til opp-pussing av sakristiet.

Me vil gjerne ha fleire medlemer og ynskjer alle som har lyst velkomne til å vera med oss.

Denne hausten vert det foreining desse datoane: **24.august, 21.september, 19.oktober og 23. november.**

Foreininga startar kl. 18.00.

Velkommen!

ANNONSAR

REMA 1000

5282 Lonevåg | 56 39 22 30

 BLINK HUS

Helge Rød as

BLINK HUS Helge Rød | 5281 Valestrandsfossen
www.helgerod.no | Tlf: 56 19 37 00 | Mob: 45 24 54 85

DER GODTFOLK TREFFES
OSTERØYKROA
56193434



YX Osterøy Servicesenter
5281 Valestrandsfossen
56 39 41 86

Revheim Gravferdshjelp

Telefon: 56 39 21 73
Revheim
5282 Lonevåg



SparebankenVest

- satsar på Vestlandet

Korleis har du det...
EIGENTLEG?

Krisetelefon 815 33 300
SOS-Melding: www.kirkens-sos.no



Kirkens SOS

EIT MENNESKE Å SNAKKE MED
NÅR LIVET ER SOM VERST

TOTALLEVERANDØR AV
ELEKTROINTALLASJONER

AUTORISERT EL- OG TELEINSTALLATØR

Thunestvedt

Bergen 55 39 19 00 | Osterøy 56 19 39 00
www.thunestvedt.no

TAKK FOR STØTTA
FRÅ SPONSORANE VÅRE!

*Alle er hjarteleg velkommen til å leiga
KYRKJELYDSHUSET I HAUS*



til barnedåp, konfirmasjon, runde dagar, minnesamvær m.m

Ta kontakt med Osterøy kyrkjeleg fellesråd,

tlf: 56 19 22 80 eller

leiari i husstyret Nils Lygre

tlf: 97197809/56390161

Prisar m.m sjå www.osteroy.kyrkja.no

**Orgel-konsert: Hayo Boerema frå Nederland spelar barokkmusikk og eigne improvisasjonar.
Hamre kyrkje fredag 9/8-2011 kl. 19.00**

FERIETID

Så er vi her att, sommaren representerer ein "time out", eit kjærkome avbrekk for dei fleste av oss. Neste nummer av kyrkjebladet kjem ut i veka før kommune- og kyrkjevalet 12. september. Då vil det bli ein del informasjonsstoff om sjølve valet.

Frist for innsending av slikt ein gjerne vil ha trykt er **19. august**.

God sommar!

Redaktør: Kristoffer Foldøy, 5281 Valestrandsfossen.

E-mail: kristofferfo@gmail.com



Bunad og stakkastovo as

ny bunad

omsaum

bunadsølv

tilbehør

Ring for avtale 56 19 18 00

Osterøy næringspark, 5281 Valestrandsfossen

www.bunadogstakkastovo.no